



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 19.02.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16.00 - 18.30

Møtet vart styrt av leiar Mabel Johansen, H.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 13.02.19 og møtet var kunngjort i pressa 06.02.19.

Møtet starta med synfaring i samband med UDU-sak 15/2019.

Fredrik Seliussen vart erklært inhabil i sak 16/2019.
Terje Larsen møtte i sak 16/2019.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalslleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Åshild Aamli	MDG	Medlem
Terje Larsen	H	Varamedlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Berit Ohnstad	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Larsen	AP
Tormod Skurtveit	AP

Desse møtte frå administrasjonen: Juridisk rådgjevar byggesak Marianne Aadland Sandvik og skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen.

Protokollfører: Randi Hilland

20. februar 2019

Mabel Johansen
Leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
11/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
12/2019	Godkjenning av møteprotokoll
13/2019	Referatsaker
14/2019	Delegerte saker
15/2019	GBNR 22/190 - Klage på igangsettingsløyve for opparbeiding av utomhusareal og VA-anlegg - Delfelt B5, Mjåtveitmarka
16/2019	Mellombels forbod mot tiltak innanfor området Mjåtveitstø til Dalstø - i samband med områderegulering
17/2019	GBNR 23/509 - Søknad om dispensasjon frå regulert krav om felles parkering i underetasjen, innanfor byggjefelt B3 - Løypetona
18/2019	GBNR 49/45 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluftsliv, og frå byggjeforbodet i strandsona, for riving av bustad og oppføring av ny bustad - lo
19/2019	Handlingsplan trafikkisikring 2019
20/2019	Aktuelle saker

11/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Leiar bad om at sak 16 vert handsama før sak 15. Etter det vert saklista følgd.

UDU - 11/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste med endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

12/2019: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll vert godkjent.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 12/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 08.01.2019 vert godkjent.

13/2019: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

UDU - 13/2019 VEDTAK:

14/2019: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 14/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

15/2019: GBNR 22/190 - Klage på igangsettingsløyve for opparbeiding av utomhusareal og VA-anlegg - Delfelt B5, Mjåtveitmarka

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 14.12.2018 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at igangsettingsløyve til opparbeiding av utomhusarealet på B5, datert 23.11.2018, DS-316/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Framlegg til tilleggsvedtak frå Åshild Aamli, MDG:

UDU oppmodar utbygger til dialog med Mjåtveitelvas forening.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Åshild Aamli vart samrøystes vedteke.

UDU - 15/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling finn at klaga journalført 14.12.2018 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at igangsettingsløyve til opparbeiding av utomhusarealet på B5, datert 23.11.2018, DS-316/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

UDU oppmodar utbygger til dialog med Mjåtveitelvas forening.

17/2019: GBNR 23/509 - Søknad om dispensasjon frå regulert krav om felles parkering i underetasjen, innanfor byggjefelt B3 - Løypetona

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå regulert krav om parkering i felles anlegg i underetasjen, for 10 parkeringsplassar utomhus innanfor område B3 i Løypetona.

Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak, journalført motteke 12.12.2018.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UDU - 17/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå regulert krav om parkering i felles anlegg i underetasjen, for 10 parkeringsplassar utomhus innanfor område B3 i Løypetona.

Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak, journalført motteke 12.12.2018.

18/2019: GBNR 49/45 - Søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluftsliv, og frå byggjeforbodet i strandsona, for riving av bustad og oppføring av ny bustad - lo

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå arealformålet landbruks-, natur- og friluftslivsformålet i kommuneplanen sin arealdel og dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø som vist i kommuneplanen sitt arealplankart.

Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak, journalført motteke 12.12.2018.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UDU - 18/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå arealformålet landbruks-, natur- og friluftslivsformålet i kommuneplanen sin arealdel og dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø som vist i kommuneplanen sitt arealplankart.

Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og søknad om løyve til tiltak, journalført motteke 12.12.2018.

19/2019: Handlingsplan trafikksikring 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling godkjenner at følgjande trafikksikringstiltak vert gjennomført i 2019, innanfor budsjetttramma: Rekkverk langs KV 1035 Hjertåsvegen, Fartshumper på KV 1122 Skintveitvegen og Fortau langs KV 1015 Havnevegen.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utval for drift og utvikling ønskjer betre utgreiing av tiltak - Fortau langs KV 1015 Havnevegen.

Framlegg til vedtak i møtet:

Utval for drift og utvikling godkjenner at følgjande trafikksikringstiltak vert gjennomført i 2019, innanfor budsjetttramma: Rekkverk langs KV 1035 Hjertåsvegen og Fartshumper på KV 1122 Skintveitvegen.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

UDU - 19/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling godkjenner at følgjande trafikksikringstiltak vert gjennomført i 2019, innanfor budsjetttramma: Rekkverk langs KV 1035 Hjertåsvegen og Fartshumper på KV 1122 Skintveitvegen.

20/2019: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

19.02.2019 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Følgjande saker vart tekne opp:

- Mabel Johansen vil sende på mail til utvalsmedlemmene oversikt over plansaker som skal behandlast i 2019 og 2020
- Øystein Vikebø opplyste at vegstrekka Åsebø-Rosslund ikkje har veglys
Administrasjonen opplyste at dette er fylkesveg, og at det er Statens vegvesen sitt ansvar.
- Frå bedehuset mot Vikebø er det heller ikkje veglys
Bebuarar i området kan sende forespørsel til kommunen om å få veglys
- Rune Skår meinte at det var vedtak på at det skal vere veglys ved alle postkassestativ
Administrasjonen undersøker dette.

Administrasjonen orienterte om følgjande:

- Kor mange utleigebustadar eig kommunen? Eig 109 stk, har 3 framleigde bustadar og NAV administrerte i 2018 8 tilvisingsavtaler.

- Ifht vedlikehaldsplan: Radonsperre finst på dei nye skulebygga. Ettermontering vil koste langt over budsjettet til vedlikehald av bygg. Siste radonmåling på kommunale bygg var i 2013 + rådhuset i 2018. Målerapportane viste at ingen tiltak var nødvendig. Det er angitt at måling kvart 10. år er tilstrekkeleg.
- Nedprioriterte tiltak på vedlikehaldsplan: maling av Marihøna barnehage og golvbelegg på Vestbygd skule.
- Det vert planlagt temamøte med gjennomgang av tilstanden på kommunale bygg for eit seinare UDU-møte (mars?)

UDU - 20/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.
